


Frank Aarebrot toppar lista

12.01.2010

Professor Frank Aarebrot er den mest profilerte førelesar på lista til det nye Senioruniversitetet i Kvinnherad. Han kjem 21 april til Rosendal og skal naturleg nok ha media og makt som tema.

På lista er det også to uskedelingar, Reidar Myklebust - også han professor - og kultursjef i kommunen Kristian Bringedal.



Reidar Myklebust tar for seg hjernen vår.

Myklebust kjem til Husnes 24. mars og han skal ta for seg hjernen vår. Bringedal har kulturminne i Kvinnherad som tema. Han skal halda føredraget sitt 1. juni, men det er førebels ikkje klårt om det blir i Rosendal eller på Husnes.



Kristian Bringedal har kulturminne som tema.

Det er Jan Spurkeland som opnar serien med føredrag om humor og Helse på Husnes 20. januar og så kjem Johannes R. Guddal med havforskning som tema 24. februar.

Som ein ser er det svært vidtfemnande tema det nye Senioruniversitetet har å lokka tilhøyrarane med.

Av Ola Matti Mathisen